

Kapittel 6:

Steds- og planfagleg konsolidering 2008–2024

Nils Aarsæther og Karoline Jacobsen Kvalvik, med bidrag frå Ragnar E. Nilsen

2008 – Global finanskrise, norsk planlov

2008 er eit år dei fleste forbind med den globale finanskrisa. Men 2008 er også året då ny plan- og bygningslov vert vedteke i Norge. Ut frå eit idealistisk resonnement kunne vi tenkje oss at den globale finanskrisa tydeleggjorde svikten i marknadsliberalismen som styringsgrunnlag, og at dette ville opne moglegheiter for planbasert styring. Ein kunne sjå føre seg ei gjenreising og fornying av plantinking basert på fellesskap og miljøomsyn. I forlenginga av dette kunne vi glede oss over at det politiske Norge var særleg godt rusta til å møte den nye tida sine utfordringar, utstyrt med ei fersk og oppdatert planlovgiving. Men gjekk det slik? Og vart det eit løft for planutdanninga i Tromsø i tida etter ny lovgiving i 2008?

Før vi svarar på desse spørsmåla tek vi føre oss bakgrunnen for, og handteringa av, finanskrisa. Omgrepet «rotne lån» og amerikanske storbankar som går over ende, prega overskriftene i media, men det er viktig å halde fokus på drivkreftene bak dette samanbrotet. Francis Fukuyama, ein framtrедande ekspert på globalisering, hevdar at bakgrunnen for krisa var ein aukande økonomisk ulikskap i den vestlege verda. Dette hadde skjedd gjennom fleire tiår med skattelette-politikk, noko som gjorde at statar ikkje lenger kunne halde oppe anstendige velferdsytningar (Fukuyama 2014:446). I USA vart folk med dårleg råd henviste til å ta opp lån for å greie seg, men så greidde dei ikkje å betale tilbake, og det vart eit samanbrot i delar av kredittsystemet. Ikkje berre private, men også fattige statar tok opp lån som dei ikkje makta å betene (ibid.: 94). Mange spurte seg om den globale finanskapitalismen no,

<https://doi.org/7557/7.7876> Aarsæther, N., Kvalsik, K.J., Nilsen R.E.: Steds- og planfagleg konsolidering 2008–2024. I Aarsæther, N, (red.): Samfunnsplanlegging gjennom 50 år. Septentrio Reports 2 (2024).

© 2024 The author(s). This is an Open Access publication distributed under the terms of the [Creative Commons Attribution 4.0 International License](https://creativecommons.org/licenses/by/4.0/).

endeleg, hadde fått eit skot for baugen. Det var så absolutt eit håp om ei ny tid, og innføring av reguleringar som kunne kome folk flest til gode. Relevant for planfeltet var særleg kampen om byen, der eigedoms- og utbyggingskapitalen hadde fått eit overtak, ikkje minst gjennom å tileigne seg dei enorme verdiane som vart skapt gjennom verdistigninga på fast eigedom i raskt veksande storbyar.

Det hadde ikkje mangla på protestar mot utslaga av marknadliberalisme. Dei store demonstrasjonane i Seattle 1999¹ sette dagsorden for ei verdsomspennande globaliseringskritisk rørsle – parallelt med mange lokale protestar. Det hadde vakse fram eit globalt, folkeleg opprør retta mot finanskapitalen som opererte på tvers av landegrenser, og mot institusjonar som Verdsbanken og Det internasjonale pengefondet. 2008 kunne vorte eit historisk vendepunkt, men slik vart det ikkje. Dei aller fleste regjeringane vegra seg for å rette skuldingane mot det marknadliberale regimet. Bankane vart redda, folk flest måtte ta rekninga. Regjeringar som «prøvde seg» med ein alternativ politikk, som i Hellas og Spania, vart pressa inn i rekkjene igjen.

Marknadliberalismen kom ironisk nok uskadd gjennom finanskrisa i 2008. Styringsideen var framleis å stimulere til vekst gjennom næringsvenlege tiltak og skattelette, og forventninga var ei von om at ein økonomi som gav større rikdom for dei rike ville kome alle til nytte. Samtidig, men diverre heilt utan betydning for politikken, viste økonomen Thomas Piketty at dette var feil:

«...at den private avkastningen av kapital over lange tidsperioder kan være betraktelig høyere enn inntekts- og produksjonsveksten. Ulikheten innebærer at formuer som er bygget opp i fortiden, vokser i et høyere tempo enn produksjonen og lønningene» (Piketty 2014:689).

Tilrettelegginga for næringslivet, motivert av behovet for ny vekst, førte altså med seg større vekst i private formuar enn i produksjonsliv og arbeidsliv.

¹ Seattle-protestane i 1999 var ein fire dagars omfattande gate-protest mot den økonomiske globaliseringa, ved World Trade Organization sitt møte i Seattle. Denne markeringa sette dagsorden for ei rekkje markeringar av liknande type utover på 2000-talet.

Nasjonalt er 2008 eit heilt anna merkeår, for Norge merkar relativt lite til det finanskrisa, og dette året vert den nye plan- og bygningslova fremja av den rød-grøne regjeringa og vedteke i Stortinget. Det har gått med ti år med utgreiingsarbeid² og høyringar, og resultatet vert ei lov som i korthet tydeleggjer dei folkevalde sitt overordna ansvar for utforminga av byar, regionar og kommunesamfunn, med vektlegging av «berekraftig utvikling» i lova sin formålparagraf. Det er ei lov som introduserer føringar for privat kapital og utbyggarinteresser, gjennom bestemmingar om openheit og folkeleg medverknad. Det er ingen ting i denne lova som spelar med den globale tendensen til å la marknadliberalismen sette grunntonen for planlegginga, slik det er i land som gjennom lovbestemmingar som set omsynet til næringsinteresser framfor omsynet til menneske og miljø.³

Mot dette bakteppet av globale og nasjonale utviklingstrekk i perioden – her må vi også etter kvart inkludere COVID 19 – tek dette kapittelet føre seg utdanninga i samfunnsplanlegging og kulturforståing sitt virke frå 2008 og fram mot 2024 – femtiårsjubileet for denne utdanninga. Sett i forhold til førre periode vil vi argumentere for at det skjer ei «spissing» av innhaldet i utdanninga i løpet av denne perioden. Dette som ein kontrast til situasjonen på 1990-talet og fram til 2007, då utdanninga var sterkt prega av å «la hundre blomster blomstre» (men på ein tydeleg tverrfagleg grunn). Delvis gror denne spissinga fram gjennom utviklinga innetter i fagmiljøet, og delvis kjem spissinga utanfrå. Innanfrå, ved at *stedsperspektivet* framstår som ein samlande fagleg plattform i eit fagmiljø som tidlegare har vore prega av faglege spenningar. Utanfrå, ved at den nye *plan- og bygningslova* som vart

² *NOU 2001:7 Bedre kommunal og regional planlegging etter plan- og bygningsloven. Planlovutvalets fyrste delutgreiing.* Oslo: Statens forvaltningstjeneste. *NOU 2003:14 Bedre kommunal og regional planlegging etter plan- og bygningsloven. Planlovutvalgets utredning med lovforslag.* Oslo: Statens forvaltningstjeneste.

³ At plan- og bygningslova av 2008 vektlegg demokrati - folkevalde si makt og folkeleg medverknad – betyr ikkje at lokale og regionale folkevalde vil prioritere miljø og sosial utjamning. Fleirtalet i kommunestyra kan ofte vere basert på eit samarbeid mellom Høgre og andre borgarlege parti, dvs. ein koalisjon som aktivt kan fremje private utbyggingsinteresser, både innafør lova sine rammer, men ikkje minst gjennom å innvilge dispensasjon frå lov og forskrifter, når det vert fremja privatøkonomisk motiverte utbyggingar. For ei evaluering av plan- og bygningslova, sjå Hanssen og Aarsæther 2018, a og b.

vedteke i 2008 inneheld sentrale element som inviterer til samfunnsfagleg kunnskapsdanning, på ein heilt anna måte enn det som prega tidlegare planlovgiving. Det vert blant anna tala om den strategiske vendinga i norsk planlegging (Ringholm og Hofstad 2018).

Som i dei føregåande kapitla lèt vi studentane sine oppgåvetema vere eit viktig inntak til å forstå korleis denne utdanninga utviklar og profilerer seg. No er det *masterkandidatar* det gjeld og i 2007 var det siste sjanse for studentar å fullføre eit hovudfagsstudium. Siste hovudfagskandidat var Synnøve Lode. Frå 2008 er det utelukkande mastergradar i utdanningsstatistikken for høgre grad.

Til sist i kapittelet vert det ei oppsummering av 50 år med planleggarutdanning ved Universitetet i Tromsø – i dag UiT Norges arktiske universitet. Her kjem vi inn på utviklingstrekk innerter i fagmiljøet, men også det tette forholdet til praksisfeltet – og ulike, til dels u-intenderte «spinn-offs» som kan tilbakeførast til nettopp dette fagmiljøet.

Frå IPL til ISS til ISV

I perioden 1997 til 2008 fekk utdanninga status som eige institutt – Institutt for planlegging og lokalsamfunnsforskning (IPL) ved det samfunnsvitenskaplege fakultetet. I 2009 var ein ny fakultetsstruktur på plass ved Universitetet i Tromsø, og mange småinstitutt vart samanslått. Samfunnsplanlegging og kulturforståing vart no ein del av Institutt for sosiologi, statsvitenskap og samfunnsplanlegging (ISS). Seinare vart sosialantropologi innlemma i dette instituttet, som no fekk namnet ISV – Institutt for samfunnsvitenskap. Fagmiljøet i samfunnsplanlegging og kulturforståing flytta frå Breiviklia og tilbake til dei andre samfunnsfaga i D-bygget på Campus. Dermed var vi (litt) tilbake til 1970-talet, med eit instituttamn som signaliserer ein smule nedtoning av enkeltdisiplinar, og dermed meir fagleg verksemd på tvers.

Det er både kontinuitet og utskifting i staben i perioden 2008 – 2024. Etter at Svein Jentoft flytta over til Fiskerihøgskolen vart Tone Bleie, sosialantropolog med spesialisering i Asia-studiar, tilsett i 2006. Torill Nyseth og Anniken Førde representerer kontinuitet, mens Nils Aarsæther, tilsett i 1974, takka av i 2018 etter 44 år ved utdanninga. Om lag samtidig vert Toril Ringholm og Arild Buanes tilsett - begge tidlegare tilsette ved NORUT/NORCE, med doktorgradar og tidlegare undervisningspraksis i fagmiljøet. Tor Arne

Nils Aarsæther og Karoline Jacobsen Kvalvik, med bidrag fra Ragnar E. Nilsen

Lillevoll, Siri Gerrard, Ragnar Nilsen, Halldis Valestrand og til sist Torill Nyseth vert også pensjonerte mot slutten av perioden, og erstatta av Ingrid Marie Kielland, Camilla Brattland og Brynhild Granås. Eit fagmiljø som tidlegare hadde god kjønnsmessig balanse er pr. 2024 samansett av seks kvinner og ein mann. Fem av sju har professortittel, alle desse er kvinner.

Ved sidan av den faste staben har eit betydeleg antal stipendiatar og universitetslektorar virka i perioden.

Masterstudiet 2008–2024

I perioden 2008-2023 gjennomførte 107 kandidatar mastergradseksamen i samfunnsplanlegging og kulturforståing. Gjennomsnittleg utgjer det sju kandidatar i året. Det er eit hakk færre enn i perioden 1990–2007, då det vart uteksaminert 186 kandidatar, med eit årleg gjennomsnitt på ti. Gjennom den siste perioden er det stor variasjon frå år til år. I 2012 var det berre ein kandidat som tok eksamen, medan to år seinare var det tolv. Kjønnsfordelinga speglar den etter kvart store kvinnedominansen i høgare utdanning: Det vert uteksaminert 30 menn og 77 kvinner i perioden (medan i 2023 var seks av åtte kandidatar menn, så kanskje er det ei endring på gang?).

Fleire har planlegging som tema

Gjennomgangen og systematiseringa av tema for masteravhandlingane er basert på same inndeling som er nytta i tidlegare kapittel, og er basert på titlane på avhandlingane. Den byr ikkje på noko oppsiktvekkande nytt, samanlikna med tidlegare periodar. Fordelinga 2008–2024 er som følgjer:

Tema på avhandling	Antal avhandlingar
Offentleg sektor, (med plantema)	54 (25)
Næringsliv, næringsutvikling	24
Kultur, lokalsamfunn	27

Akkurat som på 1980- og 1990-talet er det ein dominans av oppgåver som tek føre seg eit offentleg-sektor-tema, og blant dei øvrige oppgåvene er det tilnærma lik fordeling mellom oppgåver som tek føre seg næringsutvikling og oppgåver som har fokus på kulturforståing/ lokalsamfunn. Det har også i denne perioden vore levert oppgåver det er vanskeleg å plassere, dels fordi dei plasserer seg utanfor faget sine kjernetema, men det er også oppgåver

som er så sentralt plassert ut frå faget sin målsettingar at det er vanskeleg å presse dei i ein av dei tre kategoriane. Ta for eksempel temaet «Reindriftskvinner i Finnmark. En studie av hushold og reindriftskvinner dilemma i møte med politikk og styring» (Siv M. Sara, 2015). Her er både lokalsamfunn, næring og politikk i fokus, men den er klassifisert som «kultur/lokalsamfunn» i dette oversynet.

Det er også mogleg å spore endringar innafor dei tre kategoriane. Fyrst, når det gjeld offentleg sektor finn vi endeleg, og særleg mot slutten av perioden oppgåver som tek opp planleggingstema. Nesten halvparten (25) av offentleg sektor-oppgåvene handlar no om planlegging, der dei aller fleste kom mot slutten av perioden, og dei fleste handlar om planlegging i ein by-kontekst.

Samanlikna med 1990-talet er det ei klar dreining av interesse mot planlegging. På 90-talet finn vi til dømes berre ei avhandling av 39 offentleg sektor-avhandlingar som hadde fokus på planlegging. Når det gjeld næringsutvikling har det vorte mindre fokus på kyst, oppdrett og fiske, og meir fokus på reindrift og reiseliv. Når det gjeld kultur/lokalsamfunn har det vorte eit større fokus på integrering/innvandringstema, men også på samisk nærings- og samfunnsliv.

Opstart frå dag 1

Bak desse opplysningane om studentane sine sluttprodukt ligg det eit temaval, utforming av ei problemstilling, framstilling av ei teoretisk og metodisk forankring, ei datainnsamling, ein skriveprosess med analyse og konklusjon – og ei kvalitetssikring - før studenten trykker på «send» og kryssar fingrane. For hovudfags- og seinare masterstudiet i samfunnsplanlegging og kulturforståing har ein fokusert, og insistert, på at studentane skal tenke «oppstart frå dag ein» med masteroppgåva. Denne ordninga skil seg frå andre studieretningar, der det har vore vanleg å fylle fyrste masteråret med faglege emneeksamenar, mens oppgåvearbeidet (i samarbeid med rettleiar) har gått føre seg siste året. På masterstudiet i samfunnsplanlegging og kulturforståing har avhandlingsarbeidet vorte sett på som ein kontinuerleg prosess som går over fire semester. I tillegg har støtte og råd frå rettleiar vorte supplert med involvering av medstudentar og av fagpersonale ved sidan av den oppnemnde rettleiaren.

I starten på masterstudiet i samfunnsplanlegging og kulturforståing har studenten fått støtte under temasøk og ikkje minst – utforming av problem-

stilling – og dette har sidan «tidenes morgon» skjedd, i form av eit «prosjektseminar». Dette har utan tvil bidratt til at høgare grads studium i samfunnsplanlegging og kulturforståing har hatt ei svært god «gjennomstrømming» av høgare grads kandidatar. Det å vere i eit miljø med engasjerte medstudentar, og med fagpersonale som lett kan kontaktast, har heilt klart motvirka den situasjonen vi ofte høyrer om, med den einsame studenten som står fast med oppgåva, og der rettleiaren viser seg sånn passeleg engasjert og/eller tilgjengeleg.

Master-arbeid i fellesskap

Det kollektive ved måten masterstudiet er lagd opp på har også motvirka ein form for demotivering som i enkelte studiemiljø har bidratt til å spreie oppfatningar av typen «ingen av oss kjem nok til å levere på normert tid». Akkurat kva slags mekanismar som gjer seg gjeldande på ein lesesal, og i eit student-rettleiarsforhold skal vi vere varsame med å hevde at vi har kunnskap om, men manglande fullføring har lenge vore sett på som eit problem i det norske høgare utdanningssystemet. Og det er vel ingen tvil om at både tiltak mot individuell isolasjon og mot kollektiv demotivering har vore meir enn normalt vellukka ved dette høgare grads studiet.

Kanskje kan det skuldast at lærarkorpset har hatt små kull på bachelornivå, og dermed fått meir tid til å følgje opp masterstudentane. Det kan også skuldast den læringa som har skjedd i staben over tid, med målretta tiltak for å sikre gjennomføring. Her vil vi trekke fram det å ha eit spesielt fokus ikkje berre på masterstudentane sitt fyrstesemester, men også på fjerde og siste semester i masterstudiet. På 2010-talet innførte fagmiljøet eit tilbod om eit «skrive-masteroppgåve-seminar», som går i januar og februar i masterstudiet sitt siste semester. Ansvarleg for dette seminaret har i fleire år vore Anniken Førde, som også var initiativtakar for tiltaket. Så godt som alle masterstudentar i avslutningsfasen deltek, og resultatane uteblir ikkje. Ikkje berre gjennomføringa, men også karakternivået ser ut til å verte positivt påverka av deltaking på skriveseminaret.

Så godt som alle masterarbeida er case-baserte, noko som betyr at problematikken ein student tek føre seg inngår i ein lokal samanheng, unik i tid og stad, men der resultatane ikkje utan vidare vil vere relevante for å analysere andre lokale «settingar». Masteroppgåva kan, vitskapleg sett, verte vurdert med ein god karakter, mens arbeidet med å vurdere generalisering og tilrette-

legging for «bruk» av funna utover den lokale konteksten gjenstår. I masterarbeidets slutfase er det 100% fokus på vitskapleg kvalitet, og med vitnemålet i handa er studenten sine plikter kvittert ut. Studenten kan ha avdekt vesentlege systemsvikt eller moglegheiter som ikkje er utnytta, utan at nokon har ansvar for å følgje dette opp. Fagmiljøet tok grep her, ved å gi pengestøtte til studentar som etter eksamen leverte ein kronikk eller artikkel basert på avhandlinga, til publisering, eventuelt saman med ein rettleiar (presisert at studenten i tilfelle skulle stå som fyrsteeforfattar!). Men denne ordninga var det ingen studentar som responderte på. Det kan ha vist seg at mot slutten av juni, når ein krevjande eksamensprosess gjekk mot slutten er det kanskje andre ting som kjem i fokus - også for ein rettleiar.

340 avhandlingar sidan oppstart

Med masteroppgåvene frå 2024 har hovudfagsstudiet/masterstudiet gjennom 48 år brakt fram nærare 340 avhandlingar, dei aller fleste med tema frå nordnorsk samfunns- og næringsutvikling.⁴ I tillegg har 15 studentar gjennomført «Master i stedsutvikling», og ein EVU-master med ei ikkje så omfattande avhandling. Det har dermed hopa seg opp ei formidabel kunnskapsmengd i Universitetsbiblioteket sine hyller - og i den digitaliserte skya. Er dette etter kvart utdatert kunnskap? Nei, både som tidsbilde og som råstoff for framtidige over-tid-studiar vil denne innsatsen – saman med dei etterkvart talrike doktorgradane - vere av uvurderleg verdi.

Gjennomgangen av oppgåvetema gir grunnlag for refleksjon over hovud/masteroppgåvene sitt bidrag til kunnskapsdanning, spesielt om det lokale nivået i Nord-Norge, og over korleis temavala avspeglar struktur og endringar i det sosiale, kulturelle, økonomiske og offentleg-politiske livet i landsdelen. Perioden som vert dekt, frå den fyrste avhandlinga i 1976, til i dag, er ein periode med ein landsdel dominert av industri og bygdenæringar som skiftar ham, og per 2024 framtrer som ein tenestedominert, digitalisert og urbanisert landsdel. Masteroppgåvene har bidratt både til å gi tidsbilde, men også til ei forståing av drivkrefter bak endringane. Samtidig er det legitimt å uttrykkje ei bekymring for om denne kunnskapen vert formidla og

⁴ Det er laga eit oversyn over tema for avlagde mag.art., hovudfag- og masteravhandlingar 1975-V2024 i appendiks I

Nils Aarsæther og Karoline Jacobsen Kvalvik, med bidrag fra Ragnar E. Nilsen

brukt – både i den offentlege samtalen, i kandidatane si yrkesutøving og i utforminga av lokal og nasjonal politikk og lovgiving.

Doktorgradar i hopetal

Ingen ved samfunnsplanlegging og kulturforståing tok doktorgrad på 1970-talet, men på 1980-talet fekk fagmiljøet to doktordisputasar. Så vart det åtte i neste periode (1990–2007), mens talet på disputasar steig til 20 i perioden frå 2008 og fram til 2024⁵. Eit betydeleg tal, men ikkje meir enn om lag ein disputas per år. Tema for avhandlingane viser stor spreiding, og bakgrunnen til doktorane på same vis: Fleire har samisk bakgrunn, og det er utdanna doktorar med norsk, italiensk, ghanesisk, japansk og russisk bakgrunn i denne perioden. Under halvparten er eigen-rekrutterte, noko som viser at det tverrfaglege miljøet i tillegg er attraktivt for stipendiatar med ulike fagbakgrunnar. Det er svært vanskeleg å dele inn avhandlingane i kategoriane næringsutvikling, offentleg sektor/planlegging og kultur/lokalsamfunn, men titlane på avhandlingane tyder på ein overvekt av kulturfagleg innretta avhandlingar (10 av 20). Fem avhandlingar er næringsorienterte, fem er orienterte mot analysar av offentleg sektor, og av desse har tre samfunnsplanlegging som tema. Med eit lite stipendiatmiljø ved samfunnsplanlegging- og kulturforståing i Tromsø har det ikkje vore grobotn for eigne doktorgradsfag eller eit tilbod om planretta forskarkurs. Men i 2012 markerte fagmiljøet seg ved å arrangere eit breidt anlagd, internasjonalt forskarkurs: «Planning with difference». Her deltok dei planteoretiske tungvektarane Patsy Healey (Newcastle), John Pløger (Roskilde), Simon Abram (Leeds) og Tore Sager (Trondheim) med forelesingar– ved sidan av våre lokale, Anniken Førde og Torill Nyseth. Med få lokale konferansar og ph.d.kurs vart det vanleg at doktorgradsstudentane deltok med framlegg på nordiske (NORKOM⁶ og PlanNord), og på europeiske (AESOP)

⁵ T. Nilsen (2008), M. Aure (2008), A. Buanes (2008), J. Chruickshank (2009), M. Munkejord (2009), F. Holen (2010), R. Kristiansen (2012), G. Bertella (2012), P. Oware (2012), I. M. Kielland (2013), E. Braaten (2013), M. Brekke (2015), M. Sara (2015), T. Huse (2016), S. Joks (2016), T. Wara (2017), K. Uzawa (2020), I. Skavhaug (2020), K. J. Kvalvik (2021), A. M. Cabrera (2023), M. S. Granberg (2024).

⁶ NORKOM (nordisk kommuneforskarkonferanse) er strengt tatt ikkje ein planforskningskonferanse, men der framlegg om kommunal planlegging er velkomne.

planforskningskonferansar. For fleirtalet av stipendiatane i fagmiljøet har imidlertid planteoretisk kompetanse vore mindre relevant, og desse har hatt nytte av eit breitt tilbod av forskarkurs og konferansar innan nærings- og kulturforskning.

Bachelor-nivået – nedtur, men overleving

Då bachelorstudiet vart introdusert i 2003, tenkte vi i fagmiljøet at no kunne vi endeleg få begynnarstudentar i tale. Tidlegare måtte studentar ta eit disiplinfag før dei kunne byrje på storfaget, som det andre året i utdanninga. Men no, når det vart opna opp for ei treårig bachelorutdanning, kunne tilsette og høgeregradstudentar dra rundt på vidaregåande skular og fortelje avgangselevar at «til hausten kan dykk byrje på samfunnsplanlegging og kulturforståing i Tromsø, og etterpå vere garantert ein spanande jobb!»

Ja, fagmiljøet gjorde faktisk dette, men i fleire år utan særleg gode resultat. Det vart laga brosjyrar og PowerPoint-presentasjonar, men fagmiljøet sleit med å få informert og motivert vidaregåande skule-elevar for dette studiet. Det er litt forstemmande år etter år med stor rekrutteringsinnsats, å oppdage at av 50.000 studiesøkande på landsbasis, så var det kanskje berre sju som ynskja å byrje på bachelor i samfunnsplanlegging og kulturforståing⁷, mens det kunne vere mot 100 som registrerte seg på bachelorstudiet i statsvitskap, ved UiT.

Berga – på streken

I 2010 foretok fakultetet ein gjennomgang av samtlege studietilbod, med vurdering av nedlegging eller vidareføring. Rapporten *Fagmiljø og studietilbud i samfunnsplanlegging* vurderte bachelor- og masterstudiet, ved sidan av erfaringsbasert master i stedsutvikling, og det frittstående årsstudiet i Kjønnssstudier. Det var dystre tal som vart presentert. Masterstudiet hadde for så vidt bra rekruttering, men det var nesten kritisk for bachelor-studiet, som i 2009 oppnådde 15,3 (omrekna) studiepoeng, tilsvarande innsats frå 15 fulltidsstudentar. Problemet var at dette er samla tal for eit treårig bachelorprogram, noko som betyr fem studentar i gjennomsnitt på kvart årskull. Fakultetet konkluderte likevel med at «Programmet anbefales vidareført»,

⁷ Det var faktisk berre sju studentar som byrja på bachelor i Samfunnsplanlegging og kulturforståing i 2010, talet framgår av SV-fakultetets gjennomgang av rekruttering ved fagmiljø og studietilbud i 2010.

ettersom det var sett på som ein viktig rekrutteringsbasis for masterstudiet. I tilrådinga stod det at «Dersom rekrutteringen... ikke bedres i løpet av de neste tre opptakene anbefaler arbeidsgruppa at programmet legges ned/slås sammen med andre samfunnsvitenskapelige studietilbud»⁸. Denne tilbakemeldinga førte til ein intensiv møteverksemd i fagmiljøet, med oppretting av ei rekrutteringsgruppe. Åtte nye tiltak, og ei styrking av allereie kjende tiltak vart lista opp, og arbeidsoppgåver fordelt⁹. Slik gjekk dagane, med årlege nye vonbrot etter at søknadsstatistikken frå Samordna Opptak vart publisert.

Kunnskap om den relative suksessen som utdanninga oppnådde på hovudfags/masternivå hadde ikkje spreidd seg nedover i årskulla. Framover mot 2015 vart det verkeleg ille, og bacheloren i samfunnsplanlegging vart igjen sett opp på lista over fagtilbod som universitetet sentralt vurderte å legge ned. I 2016 sette universitetet ned eit «Strategisk utdanningsutvalg» som skulle gå gjennom fagtilbod med sviktande studentrekruttering, og vurdere nedlegging. Dette utvalget som vart den mykje omtalte «Øksekomiteen» gav dommen sin 20. oktober 2016.

Rapporten frå komiteen viste sviktande rekruttering ved bachelorstudiet i åra fram til 2015. Hausten 2015 var det berre 24 studentar på heile programmet (tre årskull, dvs. åtte per år), men så, til alt hell, øksekomiteen fekk med seg at det starta opp «heile» 26 nye studentar på programmet hausten 2016! Og så kom konklusjonen:

BA i samfunnsplanlegging anbefales videreført uten ytterligere oppfølging. (Universitet i Tromsø 2016:47)

Dermed kunne fagmiljøet i samfunnsplanlegging og kulturforståing igjen puste letta ut. Ut frå situasjonen med svært svak rekruttering fram mot 2015 var det nok mange i staben som hadde frykta nedlegging, så det at komiteen fekk med seg 2016-tala var litt av eit lykketreff. Dei 26 studentane som meldte seg i 2016 skulle alle hatt diplom, for dei redda eit heilt treårig studium frå nedlegging! Om ikkje diplom, så vart dei iallfall behørig feira med champagne og pizza ved semesterslutt.

⁸ Ibid., s. 7

⁹ Referat frå møte i rekrutteringsgruppa, datert 17. januar 2011.

Det skulle vise seg at 2016 ikkje var noko blaff: Plutseleg strauma det på med bachelorstudentar. Det var no nok studentar til å danne eit høveleg stort studentmiljø på bachelorstudiet. I åra som følgde låg rekrutteringa på over 20 studentar på kvart kull. At det skulle verte eit lite gjennombrøt for bachelorstudiet akkurat i 2016 er vanskeleg å forklare. Dette skulle ha skjedd for lengst, ut frå det fagmiljøet rekna som sterke sider ved utdanninga: Ein allsidig emneportefølje, feltkurs, praksissemester, skrivning av bacheloroppgåve basert på eigne data – og, som strategisk utval ved UiT skriv: «Erfaringsmessig er disse kandidatene etterspurt og de får relevant arbeid» (ibid.).

Eit viktig emne på bachelorstudiet har vore fyrsteesemesterets undervisning i «Plan, kultur, næring» (SPL 1001). I det fyrste semesteret skal studentane imidlertid ta eksamen også i danningsemna ex.phil. og ex.fak., og det var dermed lite plass til ein introduksjon til det bacheloren skulle handle om, samfunnsplanlegging og kulturforståing. Det var berre 1/3 semester til disposisjon for dette viktige innføringsemnet, der ein prøvde å presse inn plankunnskap, klima/miljø-problematikk og innføring i samfunnsvitskaplege grunnomgrep (som «struktur, kultur, relasjon, interaksjon»). Dette var litt av ein ambisjon, men ved å rette tema og problemstilling systematisk inn mot konkrete planutfordringar (planstrategi, kommuneplanens samfunnsdel, medverknad osv.) prøvde ein å skape samanheng, og å få studentane aktivt med gjennom å legge vekt på eigenaktivitetar. Eit semester starta faget med tur til Tromsø rådhus for å observere korleis plandiskusjonen i eit kommunestyremøte gjekk føre seg. I tillegg vart SPL- undervisninga i ei lengre periode avslutta med ein fagleg og humoristisk spørjeleik (Kahoot-kviss) - og sjokoladepremie til dagens vinnar.

Det er uråd å forstå kvifor det plutseleg, i august 2016, dukka opp 26 nye programstudentar pluss like mange som ville ta «Plan, kultur, næring» som enkeltemne. Då dette nivået fyrst var nådd, har det vist seg at rekrutteringa til bachelorutdanninga har halde seg nokså stabilt, med kring 20 programstudentar per kull fram til i dag (2024).

Utoverretta: Feltkurs, praksissemester, fagdag og alumni

Gjennom perioden 2008-2024 gjekk feltkurset utan opphald – bortsett frå covid-året 2021. Destinasjonane veksla mellom kommunar, stader og regionar i Troms, Nordland og Finnmark. I tråd med dei opphavlege intensjonane var fokuset på samspel og spenningar mellom næringsliv, kultur/lokal-

Nils Aarsæther og Karoline Jacobsen Kvalvik, med bidrag fra Ragnar E. Nilsen

samfunnsliv og offentlig sektor – det heile gjerne innramma av kommunen si planlegging og kommunale strategiar for utvikling, men ikkje alltid. I opplegget for feltkurset kunne fokuset også vere på hendingar og tiltak som gjekk føre seg utan tilknytning til kommunal planlegging. Professor Ragnar Nilsen var den av lærarane som vel var mest engasjert i feltkursarbeidet, fram til han gjekk av i 2018. I rammeteksten nedanfor har han oppsummert feltkurset i 2016, som kanskje har vore blant dei mest lærerike:

Feltkurs til Mo i Rana og Mosjøen 2016 – refleksjonar v/ prof. emer. Ragnar E. Nilsen

Bakgrunn for val av tema på feltkurset var for det fyrste eit visst kjennskap som fagmiljøet hadde til pågåande industriell omlegging i tungindustrien på Mo og i Mosjøen. Og for det andre spelte kurset Regional næringsorganisering på masterstudiet ei viktig rolle i val av tema.

I fagemnet Regional næringsorganisering har det vore vektlagt økonomisk / institusjonell organisering av ulike næringar i et romleg perspektiv. I tråd med den nasjonale økonomiske utviklinga er det lagt inn særleg vinkling på institusjonar og vilkår for utnytting av naturressursar.

Teoriar og vinklingar frå masterkurset viste seg å vere til god hjelp for feltkurset. Regionalt naturressursgrunnlag i form av malm og rikeleg, rimeleg og sikker vasskraftforsyning viste seg å ha ei dominerande betydning for oppstart og drift av industrien på Helgeland og i Salten fram til omring 1980. Dessutan var i Mo og Mosjøen svært viktige for statleg økonomisk nasjonsbygging i denne fasen. Men vi fekk også i begge døma illustrert begrensingane ved råvareorientering og standard bulkproduksjon som industriell strategi.

Krisa for bedrifter og samfunn var møtt på ulike måter på dei to stadene. På Mo kom omstillinga i form av oppsplitting av det tidlegare jernverket, med forsøk på klyngeorganisering gjennom et mangfald av bedrifter innan metall- og smelteverksindustri på den tidlegare jernverkstomta. I Mosjøen bestod omstillinga av innovasjonsskapande nyorganisering av aluminiumsproduksjonen på verket, initiert av leiinga i det nasjonale Elkemkonsernet. Her vart omsetning av forskingskunnskap innan metallurgi frå NTH ein avgjerande faktor for den vellykka omstillinga.

Begge stader fann vi en overgang frå standard bulkproduksjon til meir marknadsretta, kundetilpassa og variert produksjon. Godt organisert tilgang på naturressursar må no openbart supplerast med innovativ marknadsretting.

Eit løft for praksissemesteret

Men det er utan tvil **praksissemesteret** som i denne perioden markerer eit løft for den utoverretta aktiviteten i studiet. Fram til 2008 var det ei laber oppslutting om praksissemesteret, men så byrja det å verte meir vanleg å ta (ikkje obligatorisk) praksissemester, og særleg frå 2018 tok det av. Dei fyrste seks åra av perioden (2008–2013) var det i alt 20 som gjennomførte praksissemesteret, medan dei siste seks åra var det heile 66 studentar. Det var så seint som i 2018 at det kom eit gjennombrot, dette året var det 13 som gjennomførte tolv vekers praksis i ein planrelevant del av arbeidslivet.

Det er vanskeleg å forklare den sterke oppsluttinga om praksissemesteret dei siste 6-7 åra. Det *kan* skuldast at det på mottakarsida etter kvart har vorte mange med utdanning frå fagmiljøet, som framleis ønsker å ha kontakt med utdanninga og som ser nytten av å knyte til seg bachelorstudentar ved å vere kontaktperson for praksisstudentar på arbeidsplassen. Hos Statsforvaltaren, i fylkeskommunen, i Tromsø kommune og ved Statens Vegvesen sitt regionkontor har det i nokre år nærast vore «opne dører» for praksisstudentar. At ei ordning som hadde vore i drift sidan 1975 fyrst skulle få sitt gjennombrot i 2018, 33 år etter oppstart, er framleis litt av eit mysterium.

Både Høstseminaret og etter kvart Regionalseminaret var blitt avvikla, og «Senter for kommunalforskning» finst heller ikkje lenger¹⁰. Men «Fagdagen» oppstår på 2000-talet som samlingspunkt og som ein ny arena for samfunnskontakt. Fagdagen har heildags eller halvdags («minifagdag») format, tek opp dagsaktuelle tema, og får dette belyst gjennom å invitere inn eksterne krefter – og lokale kapasitetar, og det er lagd opp til faglege (og sosiale) studentaktivitetar. Ei alumniforeining er også kome på plass, der fagmiljøet kan halde kontakt med tidlegare studentar. I hovudsak går alumniaktivitetane gjennom ei Facebook-gruppe der det for eksempel vert lagd ut relevante stillingsutlysingar og gjort merksam på relevante eksterne arrangement.

¹⁰ Men Universitetet i Agder har adoptert denne ideen, her finn vi *Senter for anvendt kommunalforskning* (SAKOM)

Stedsvendinga – eit samlande grep

Utdanninga hadde tidleg på 2000-talet skifta namn: «-og lokalsamfunnsforskning» har vorte erstatta av «-og kulturforståing». «Kulturforståing» er eit breitt omgrep, men slik det vert forstått av mange i dag, dreier det seg om studiar av møter mellom kulturar, noko som er høgst relevant for å analysere flyktningproblematikk, innvandring/integrasjon og urfolk/majoritetsbefolkning. Slike studiar vil oftast ha ein romleg, geografisk eller lokal dimensjon, men denne vil i utgangspunktet ikkje vere den sentrale. Behovet for ei djupare forståing av stedet, utover det å vere eit nedslagsfelt for mellomkulturelle forhold, vil naturleg nok melde seg.

I fagmiljøet sine forskingsaktivitetar var det allereie på tidleg 2000-tal vorte eit fokus på «sted» - kanskje som ei erstatning for «lokalsamfunn»? «Lokalsamfunnet» er eit ord som av mange vart oppfatta som ruralt og tilbakekodande, men det definerer også ein særeigen, dialogprega forskingstradisjon, utvikla ved Universitetet i Tromsø (Altern 1996:11). Inger Altern redigerte antologien *Lokalsamfunn og lokalsamfunnsforskning i endring* i 1996, med bidrag frå alle dei fagleg tilsette ved utdanninga. Her blir det av fleire understreka at omgrepet «lokalsamfunn» fortsatt har ein fagleg verdi, og at det er eit ord med eit betydeleg formidlings- og mobiliseringspotensiale. Samstundes vedgår forfatarane at bruk av ordet ofte fører til misforståingar – at mange meiner det bidrar til å gi «et foreldet bilde av den nordnorske virkeligheten» (Jentoft 1996:25). Gradvis ser vi at forskingsbidraga frå fagmiljøet nyttar omgrep som «sted» og «place» når lokale forhold og endringar blir analyserte.

I boka *Mobility and Place* har fyrste kapittel tittelen «Places and Mobilities Beyond the Periphery» - altså ei tilkjenning av at stedspektivet tek deg lenger enn til periferien (Bærenholdt & Granås 2008:1). «Sted» er eit romleg, men også eit romsleg ord, som ifølgje Granås og Bærenholdt involverer både materialitet, politikk og førestillingar. Det er eit ord som understrekar nærheit, men også forbindelsar utover det lokale (Amin 2004). Og ordet er nøytralt i høve til «by» og «bygd», mens «lokalsamfunn» for dei fleste (stadig) blir oppfatta som eit ruralt fenomen.

I fagmiljøet vart stedsomgrepet tydeleg knytta opp mot dynamiske endringsprosessar, både fysisk/materielt og kognitivt. Mens omgrepet lett

kan assosierast med det stabile og fast plasserte, opna Tromsømiljøet sine forskarar for ei dynamisk forståing av sted, tydeleg formulert gjennom tittelen på boka *Place Reinvention* - gjenoppfinninga av stedet - som planprofessor Torill Nyseth og Arvid Viken (professor i reiselivsstudiar) redigerte, gitt ut på Ashgate forlag i 2009. Ved fagmiljøet blei forskingsgruppa «Sted, makt og mobilitet» oppretta; her deltok det også forskarar frå andre fagmiljø ved Universitetet i Tromsø. Aktiviteten i forskingsgruppa – med seminar og utvikling av nye forskingsprosjekt – resulterte i bøkene *Å finne sted* og *Med sans for sted*. Bøkene vart utgitt i samarbeid med geografimiljøet i Trondheim, og med bidrag frå stedsforskarar frå heile landet (Førde mfl. red. 2012, Aure mfl. red. 2015).¹¹

Stedsmasteren

Eit spanande forskingsfelt, men kva med utdanning og undervisning? Kunne stedsomgrepet få ein plass innafor utdanninga i samfunnsplanlegging og kulturforståing? Og ville ei stedsfokuserd utdanning bidra til å samle eit fagmiljø der det hadde utvikla seg ei spenning mellom «samfunnsplanleggarar» og «kulturforståarar»? På fleire av stabsmøta utover på 2010-talet drøfta fagmiljøet moglegheita for å starte opp eit masterløp parallelt med master i samfunnsplanlegging kulturforståing, «Erfaringsbasert mastergrad i stedsutvikling». Det skulle vere ei masterutdanning retta mot folk som i sitt daglege virke arbeidde med stedsutvikling: Planleggarar, politikarar, prosjektleiarar osv. Opplegget vart tilpassa distansestudentar, basert på samlinger, og med ei mindre omfattande masteroppgåve mot slutten av studiet. Fagmiljøet fekk god støtte i utviklinga av undervisningsopplegget frå UVETT – UiT sitt fagorgan for etter- og vidareutdanning (i dag RESULT), og det vart utvikla ein emneportefølje (fire emne) pluss eit opplegg for individuell rettleiing ved skriving av masteroppgåva.

Fyrste kull vart tatt opp i 2013, med 21 studentar. Året etter var det nytt opptak, med like mange studentar (21). For eit masterstudium var dette svært gode tal, og studentane gjennomførte emne etter emne, med samlings- og

¹¹ Men «lokalsamfunnet» og lokalsamfunnsforskninga levde vidare, mest tydeleg markert ved boka *Lokalsamfunn* som blei utgitt i 2016, redigert av Mariann Villa og Marit S. Haugen frå bygdeforskingstiljøet i Trondheim. I eit kapittel i denne boka reflekterer Nina Gunnerud Berg over nettopp forholdet mellom omgrepa «sted» og «lokalsamfunn». Tromsø-miljøet er også representert i denne antologien, med kapittelbidrag av Anniken Førde, Siri Gerrard, Halldis Valstrand og Nils Aarsæther.

Nils Aarsæther og Karoline Jacobsen Kvalvik, med bidrag fra Ragnar E. Nilsen

videobaserte seminar og forelesingar. Det var også digitale «fredags-samlingar» der folk frå fagmiljøet stilte opp på videoromet på UVETT for å informere og få tilbakemeldingar frå studentane. Alt såg bra ut, ei god stund. Men ved opptaket av tredje kull kom det imidlertid berre seks studentar, og varsellampene tok til å blinke. Verre var det når administrasjonen telte opp ferdigstilte mastergradar. Pr 2016 var det berre 6 av 21 studentar på fyrste kull som hadde fullført, mens på kull nr to hadde berre tre kandidatlar fullført. Og administrasjonen skriv: «*Ingen av kandidatene på det siste kullet har fullført mastergraden så langt*»¹².

Det var inga bøn, dette studiet skulle leggest ned. Det som overraska oss i fagmiljøet, var kontrasten mellom den gode gjennomføringa av enkeltemne og den svært dårlege gjennomføringa av masteroppgåva. Dette illustrerte den store forskjellen mellom å bli «dradd gjennom» eit fast opplegg av forelesingar, seminar og innleveringar, og det å jobbe sjølvstendig med problemformulering, datainnsamling, analyse og konklusjon - noko som likna på eit forskingsarbeid. Sjølv om den enkelte vart tildelt individuell rettleiar, var det store vanskar for studentane. På enkeltemna kunne ein student som møte problem få støtte av medstudentar, for alle jobba med same problematik, mens den individuelle masteroppgåva var studenten (nesten) aleine om. Men heller ikkje dei som skreiv oppgåve saman, makta å fullføre løpet. I fagmiljøet prøvde vi å bøte på gjennomføringsproblema med å tilrettelegge for skrivesamlingar i siste semester, men med magert resultat. Nokre etterslenningar fullførte i ettertid, men på normert tid var det 9 av 48 som leverte masteroppgåva. Det kan vere fleire årsaker, men kanskje var det ikkje primært behovet for ein *grad* som motiverte deltakarane – heller var det ei forventing om fagleg påfyll og eit miljø der ein kunne drøfte lokale utfordringar. Og kanskje blei studieforløpet for langt, fleire skifta arbeidsplass undervegs.

30-studiepoengsemne i Stedsutvikling

Umiddelbart etter nedlegginga, og med til dels smertefulle erfaringar, byrja fagmiljøet å omstille den utoverretta utdanninga. Ein ting var at Master i Nordic Urban Planning (NUPS) etter kvart vart starta opp (2017), ein annan

¹² Programstyret for samfunnsplanlegging og kulturforståelse, møtedato 03.02.2016, sak PS-SPL 2-16.

ting var at det var noko å bygge vidare på. Blant anna hadde oppsluttinga om, og gjennomføring av, enkeltemne vist seg å vere vellukka. Då vart løysinga å jobbe fram noko av ein mellomting mellom eit 10-poengskurs og ein master. I 2018 samla fagmiljøet seg om å utvikle eit 30-studiepoengskurs (varigheit to semester) i stedsutvikling, som EVU-tilbod. Det nye emnet tar for seg ulike perspektiv på sted, kva ein legg i «ansvarleg stedsutvikling», medvirkning og prosess i stedsutvikling, og «sted og innovasjon». ¹³ Undervisninga har eit fokus på stedsutvikling i ein bestemt region i Nord-Norge. Men tilbodet var utlyst nasjonalt, og det melde seg også studentar med arbeidsplass i andre delar av landet. Det starta med undervisning for og i Lofoten i 2018. Deretter vart det stedsutviklingsstudium på Helgeland 2021/2022, året etter i Aust-Finnmark og i 2024 blir undervisninga organisert med fokus på Midt-Troms (med Finnsnes som undervisningssted). Ved desse tilboda var det mellom 20 og 35 studentar, god gjennomføring og gode tilbakemeldingar frå deltakarane.

Steds vendinga integrerer fagmiljøet

Steds-vendinga er eit godt døme på korleis fagutvikling skjer frå engasjement i forskning til å legge til rette for veileigna utdanningstilbod. Fagleg sett har det vore mykje å vinne på å sjå stedet eller det lokale som noko meir enn eit nedslagsfelt for politikkar eller for nærings tiltak. Alle slags «sektor-studiar» - det vere seg om menighetsliv, lakseoppdrett eller mobbeprosjekt i skulen – vert betre om ein legg eit steds perspektiv til grunn. I dette ligg det for fagmiljøet integrerande poeng: Nær sagt alle slags forskningsinteresser – og dei kan visserligen sprike! – er kompatible med steds vendinga.

Planlov-vendinga

Då ny plan- og bygningslov vart vedteke i Stortinget i 2008 varsla det på fleire måtar ei ny tid for utdanninga i Tromsø. Både i forarbeida til lova ¹⁴ og i sjølve lovteksten vert samfunnsfagleg kunnskap etterspurt på ein heilt anna måte enn i tidlegare planlovgiving. Det er særleg på fire område «invitasjonen» til samfunnsplanlegging er tydeleg i det nye planlovverket: Fyrst, når det gjeld den strategiske innrettinga av planlegging etter den nye lova,

¹³ Sjå emnebeskriving for SPL-6000, UiT Norges Arktiske Universitet.

¹⁴ NOU 2001: 7, NOU 2003: 14. og Ot.prop. nr. 32 (2007-2008) *Om lov om planlegging og byggesaksbehandling* (Plan- og bygningsloven, plandelen).

Nils Aarsæther og Karoline Jacobsen Kvalvik, med bidrag fra Ragnar E. Nilsen

med ein overordna kommuneplanens samfunnsdel, og innføring av obligatorisk kommunal – og regional planstrategi som skal vedtakast kvart fjerde år. Dinest, vektlegginga av medverknad, i form av «planprogram» og krav om medverknad også i utarbeiding av private planforslag. For det tredje har «verdiskaping og næringsutvikling» vorte eit eige formål, og til sist: «berekraft for den enkelte, for fellesskapen og for framtidige generasjonar» (§1), noko som må tolkast som krav om (også) sosial berekraft i planlegginga.

I 2009, eitt år etter innføringa av lova, bad tre av FUS-institusjonane (UiT, HINN, HiVolda) om eit møte med Planavdelinga i Miljøverndepartementet, for å avklare kva forventningar departementet hadde til utdanningsinstitusjonane når det gjaldt kompetansebygging, særleg om det nye kravet om planstrategi. Det kom lite ut av møtet, men dialogen var kome i gang, og ved UiT vart det bestemt å lage eit EVU-emne i «kommunal planstrategi», i samarbeid med fylkeskommunane og Fylkesmennene i Troms og Finnmark. Dette vart gjennomført i 2012, og undervisninga og EVU-emnet vart gjentatt i ei andre runde med planstrategi også i 2016.

Som nemnd tidlegare var innføringsfaget «plan, kultur og næring» (SPL 1001) eit viktig emne på bachelorstudiet, og etter ny planlov vart vedteke fekk den nye lova større plass i faget enn tidlegare. Målet var å gi bachelorstudentane ei grunnforståing av plansystemet og betydninga av plan- og bygningslova i dagens samfunnsplanlegging. I forelesingane, oppgaveløysing og gruppearbeid vart det nytta døme frå praksis gjennom bruk av vedteke kommuneplanar og planstrategiar. Gjennom eksamen vart også planarbeid frå praksis tatt i bruk.

I 2016 vart kurset «pbl. for dummies – innføring i plan- og bygningslova» gjennomført for fyrste gong. Kurset vart utvikla som ein respons på behovet for innføring i plan- og bygningslova og planfaget, spesielt retta mot masterstudentar med bachelorgrader frå andre fagfelt enn planlegging, som til dømes ikkje hadde gjennomført innføringsfaget på BA (SPL1001). Pbl. for dummies vart arrangert kvar august og var ein kombinasjon av forelesingar frå UiT tilsette samt uteksaminerte studentar som no jobba som planleggarar. I tillegg vart praktiske døme og interaktive oppgåver lagt fram som skulle gi deltakarane innføring i plan- og bygningslova, inkludert historisk utvikling og formålsparagrafens vektlegging av berekraft. Vidare var målet

med kurset å auke forståinga for plansystemet blant studentane og andre interesserte. Planstrategi, planprogram og kommuneplanens samfunnsdel og arealdel vart presentert, samt ulike typar reguleringsplanar.

Frå nasjonal krise til samarbeid mellom utdanningsmiljøa

I 2010 vart det erklært krise for norsk planutdanning og planforskning. Miljøverndepartementet hadde gitt NIBR i oppdrag å vurdere m.a. *tiltak for å styrke både grunntdanning, etterutdanning og videreutdanning planlegging*¹⁵. I utgreiinga frå NIBR vart det brukt sterke ord:

Planlegging karakteriseres som et fag med svak anseelse og en faglig utvikling i «fritt fall» [...] anses som faglig svak uten klare kvalitetskrav. Faget har identitetsproblemer Grunntdanningen og mangler en felles kjerne (NIBR 2011:14, s. 75).

Ikkje uventa konkluderte NIBR-utgreiinga med at ei gjenreisning av dette nærast skakkøyrt planfaget kunne tryggast ved å etablere «et nasjonalt FOU-senter for og om planlegging»¹⁶. Eit slikt senter ville det vere «lite meningsfullt» å legge utanfor Oslo-området, og etter NIBR-rapporten sitt råd burde det leggjast til same bygg som NIBR var lokalisert i, og rådet var vidare å drifte det i regi av NIBR.¹⁷ Utanom NIBR møtte dette forslaget null gehør i det planfaglege feltet. Alle utdanningsmiljøa erkjente at det var ei krise i utdanningane, men denne krisa vart møtt gjennom å styrke samarbeidet nedanfrå, mellom FUS-medlemmane.

For fagmiljøet i Tromsø innebar samarbeidet for det fyrste at Tromsø gav opp å ha monopol på å ha ansvaret for eksamen og oppgåverettleiing ved EVU-kurset SAMPLAN. Her vart det faglege eksamensansvaret å rotere mellom fagmiljøa i Tromsø, Lillehammer og Volda.

For det andre starta Tromsø, NMBU og NTNU eit samarbeid om «Masterklasse i planlegging», etter eit initiativ frå Marius Grønning ved NMBU. Ideen var at i alt 15-20 studentar frå dei tre utdanningane la fram og fekk kommentarar til sine mastergradsprosjekt på årlege samlingar, der også

¹⁵ Kleven, T., Naustdalslid, J. & Bjørn, C. (2011). *Styrking av planforskning og planleggerutdanning i Norge*. NIBR-rapport 2011:14., s. 2.

¹⁶ Ibid. s. 95.

¹⁷ Ibid. s. 13, 99.

Nils Aarsæther og Karoline Jacobsen Kvalvik, med bidrag fra Ragnar E. Nilsen

lærarar frå dei tre utdanningane deltok (og gav forelesingar). Kommunaldepartementet gav økonomisk støtte til gjennomføringa av dette tiltaket, men som «ekstratiltak» var det heilt avhengig av enkeltpersonar sin (ikkjeteljande) innsats ved dei tre institusjonane, og det vart etter kvart problem med å vidareføre det.

For det tredje tok Tromsø-miljøet initiativ til å lage ei ny innføringsbok i samfunnsplanlegging som erstatning for læreboka *planlegging.no!* (Aarsæther & Hagen red. 2001). Resultatet vart boka *Utfordringer for norsk planlegging* som var basert på eit samarbeid mellom undervisarar frå UiT, frå NMBU.¹⁸ I arbeidet med denne boka var det viktig for redaktørane å få fagfolk frå fleire utdanningsinstitusjonar til å bidra, og det lukkast den godt med.

For det fjerde vart fagmiljøet i Tromsø aktivt med i utviklinga av det nasjonale EVU-prosjektet «Helse og omsorg i plan», i samarbeid med Volda, Lillehammer, Agder og Universitetet i Sørøst-Norge¹⁹.

Utover dei nasjonale samarbeidstiltaka nedanfrå tok fagmiljøet ved UiT initiativ til ei felles nordisk masterutdanning i byplanleggingsstudiar i samarbeid med Roskilde Universitet og Høgskolan i Malmö – Nordic Urban Planning Studies (NUPS). Denne utdanninga har rekruttert studentar langt utover Norden, og bidratt til å gjere både nordiske og ikkje minst nordnorske planutfordringar kjende i eit større omfang. Alle studentane gjennomfører eit feltopphald i Nord-Norge, og fagmiljøet i Tromsø har ansvaret for dette, i samarbeid med utdanninga i landskapsarkitektur i Tromsø. Våren 2024 var det 8 NUPS-studentar som fullførte mastergraden, med rettleiar frå fagmiljøet i Tromsø.

Og sist, som eksempel på samarbeidstiltak mellom dei planfaglege miljøa er det store EVAPLAN- prosjektet. Fagmiljøet i Tromsø, saman med NIBR, NMBU, NORUT (i dag NORCE) og TØI, samarbeidde om ein NFR-søknad

¹⁸ Aarsæther, N., Falleth, E., Nyseth, T., Kristiansen, R. 2012. *Utfordringer for norsk planlegging – kunnskap – bærekraft – demokrati*. Kristiansand: Cappelen-Damm Høyskoleforlaget. Denne boka vart i 2018 avløyst av boka *Plan og samfunn – system – praksis – teori*, med dei same redaktørane.

¹⁹ Oppstarten til EVU-tilbodet *Helse og omsorg i plan* er fyldig omtalt i kapittel 7.

EVAPLAN, der plandelen i plan- og bygningslova av 2008 vart evaluert. Prosjektet blei innvilga og gjekk over fem år (2014–2018). I tillegg til norske samarbeidspartnarar var også andre europeiske partnarar med i prosjektet - København Universitet (KU), Aalborg universitet (AAU), Svenske Kungliga Tekniska Høgskolan (KTH) og Technische Universität Berlin (TUB). Prosjektet var leia av Gro Sandkjær Hanssen ved NIBR, og markerte slik sett NIBR-miljøet sin dominerande posisjon i norsk planfagleg forskning.

Gjennom desse (og andre) samarbeidsordningane vart det bygd eit langt betre nettverk mellom utdanningane. Å gå frå eitt samarbeid til eit nytt kunne nærast skje «på autopilot», basert på erfaringar og oppbygd tillit. Også NIBR var med i fleire samarbeid, til dels med leiinga av prosjekta (som ved EVAPLAN), men prinsipielt som ein samarbeidspartnar i horisontale nettverk. Tromsø-miljøet, som også inkluderte forskarar ved NORUT (Forskingsstiftelsen ved Universitetet i Tromsø), markerte seg som ein tydeleg pådrivar for eit sterkare samarbeid mellom institusjonane, ikkje minst gjennom deltaking i FUS – Forum for utdanning i samfunnsplanlegging.

Så vert utdanninga evaluert – på nytt. Knudsen-utvalet 2017

I 2017 var det gått 10 år sidan førre evaluering av bachelor- og masterutdanningane i samfunnsplanlegging og kulturforståing. Våren 2017 oppnemnde Instituttet ein komité for å evaluere dei to studieprogramma. Komiteen var leia av Jon P. Knudsen ved Universitetet i Agder, og i tillegg deltok Knut Bjørn Stokke frå NMBU (Ås), Rigmor Tonstad frå Statens vegvesen og student Ida R. Trælnes i evalueringsarbeidet.

I den einstemmige vurderinga frå komiteen²⁰vert det framhalde at «fagets særpreg og styrke er samfunnsplanlegging, med vekt på den politiske dimensjonen, noe som er programmets styrke, og som det er viktig å ta vare på også framover» (s.2).

Komiteen skriv i samanfattinga at bachelor- og masterutdanningane:

...representerer en særegen og markant tradisjon i norsk planleggingsutdanning. Studienes organisering og innretning

²⁰ Evaluering av bachelor- og masterprogrammene i samfunnsplanlegging og kulturforståelse – ved UiT Norges arktiske universitetet, Institutt for sosiologi, statsvitenskap og kulturforståelse – Evaluering datert 1. desember 2017.

Nils Aarsæther og Karoline Jacobsen Kvalvik, med bidrag fra Ragnar E. Nilsen

er nært knyttet til etableringen og fremveksten av universitetet i Tromsø, og til den landsdels- og praksisorienterte innretningen utdanningene har fått der. (s.1).

Komiteen vurderer også kvaliteten på studieprogramma som god:

Det er et generelt inntrykk at begge studieprogrammene holder høy kvalitet, faglig som pedagogisk. Studiene gis av en høyt kvalifisert, engasjert og godt publiserende fagstab med stor nasjonal og internasjonal kontaktflate (s.1).

Dette må seiast å vere ei tilbakemelding fagmiljøet kunne vere godt nøgd med. At ein ved dette studiet har arbeidd ut frå Universitetet i Tromsø sine opphavlege ambisjonar, og at det etter 45 år vert konstatert at fagmiljøet har lukkast med å kombinere regional relevans med høg fagleg kvalitet, er vel litt av ein prestasjon.

Komiteen rår til at «*utdanningsprogrammene videreutvikles innenfor den tradisjon de står i, men vil samtidig peke på noen forbedringspunkter*» (s.1). Forbedringspunktta består i betre integrasjon mellom dei ulike emna/kursa, styrke reiskapsfag som geografiske informasjonssystem (GIS), utvikle det samiske perspektivet ytterlegare, betre integreringa av kulturforståing, samt styrke romleg og fysisk planlegging (s.8).

Denne evalueringa vart det lite diskusjon om. Den viste at fagtilbodet i samfunnsplanlegging vidareførte det beste i UiT-tradisjonen, med høg fagleg kvalitet, og varsla ingen behov for større omleggingar. Oppmodinga frå komiteen om å sørge for betre integrasjon av kulturperspektivet og større oppøving i reiskapsferdigheiter kunne nok framtre som kontroversielt i akademiske omgivnader som etterkvart har vorte fiksert på internasjonal prosjektfinansiering og publisering, men debatten uteblei. Vår vurdering var at utdanninga no (endeleg) hadde oppnådd ekstern akademisk godvilje, og at kursen vidare kunne stakast ut med historia i ryggen.

Fagmiljøet som sosial arena

Det har vore lite rom for å beskrive enkeltpersonar, sosiale hendingar, spenningar og konflikter i fagmiljø og i studentmiljøet. I den siste perioden, tida frå 2008 og fram til 2024, har det naturleg nok vore både mindre og større

episodar²¹, men i ettertid vil vi helst hugse dei positive episodane. Universitetsmiljøet har sitt særpreg, ved at den akademiske fridomen står høgt i kurs. Spesielt ved Universitetet i Tromsø, der tidsbruk til eiga forskning har vore større enn ved andre lærestader.²² Samarbeid om forskning har tidvis vore unntaket heller enn regelen, og den tilsette står fritt til å velje forskings-tema. På det i utgangspunktet breie området «samfunnsplanlegging og kulturforståing» betyr denne fridomen at mykje av forskingsinnsatsen kan vere lite relevant for pensum og undervisning – sjølv om denne i prinsippet skal vere forskingsbasert. Ikkje til å undrast då, at fagmiljøet i periodar har vore både sosialt og fagleg fragmentert, men også tidvis segmentert. Eit stykke ut i denne perioden samla likevel fagmiljøet seg om forskning på *stedsutvikling* (som omtalt tidlegare i dette kapitelet), og det hadde klare, positive verknader. Og ein vakker kveld, kvar juni månad samlar heile faggruppa seg i fjøra lengst sør på Tromsøya, for å nyte midnattsola, ha bål og pølser, sittande framføre eit gammalt naust, og under ein særeigen inskripsjon: «In Cod we trust».

Ottar Brox 1932–2024

I 2022 tok Kjell Arne Røvik (professor i statsvitskap) og Nils Aarsæther initiativ til å markere Ottar Brox sin 90-årsdag, med den aldrande Brox (som sidan 1985 hadde budd i Oslo) til stades. Det var då gått 40 år sidan fagmiljøet markerte 50-årsdagen til Brox med eit festskrift²³ og 20 år sidan NIBR

²¹ Ein episode fortener omtale: Den 16. februar 2012 var heile forsida i avisa Nordlys prega av professor Nils Aarsæther si nekting av å undervise ein student med tildekt ansikt, med utgangspunkt i ei konkret hending hausten 2011. Då hadde ein student på førehand informert Aarsæther at hen ville ha tildekt ansiktet ved ei forelesing Aarsæther skulle ha. Dette kunne ikkje Aarsæther godta, og saka vert ordna ved at studenten ikkje møtte fram, men fekk tilsendt foilane frå den aktuelle forelesinga. Tre månadar seinare vert dette ei stor mediesak der universitetsleiinga vert involvert, og fleire av Aarsæther sine kollegaer gir offentleg uttrykk for at dei meiner det er «innafor» å stille til undervisning med tildekt ansikt. Hausten 2012 lagar NRK eit «Brennpunkt»-program om denne hendinga, men på dette tidspunktet hadde studenten ikkje lenger behov for ansiktstildekking. Denne framstillinga er utforma av Aarsæther, som altså sjølv var djupt involvert, men bygg på enkelt tilgjengelege avisoppslag og lesarinnlegg i Nordlys og på medieinnslag i VG og NRK.

²² Ved UiT har alle førsteamanuensar og professorar normalt vorte innvilga eit år til forskning, utan undervisning eller administrative plikter, ein gong kvart femte år.

²³ Nilsen, R., Reiersen, J. E. og Aarsæther, N. red (1982).

Nils Aarsæther og Karoline Jacobsen Kvalvik, med bidrag fra Ragnar E. Nilsen

markerte Ottar Brox sin 70-årsdag – også med festskrift²⁴. Universitetet, fakultetet og instituttet støtta markeringa, som vart gjennomført med faglege innlegg frå gamle og yngre «broxianarar». Frå fagmiljøet i samfunnsplanlegging og kulturforståing heldt Ingrid Marie Kielland eit innlegg om korleis Brox inspirerte studentar og kollegaer til å undersøke grunnane til at folk innretta liva sine slik dei gjorde det i ulike lokale kontekstar. Hovudpersonen sjølv insisterte på å få ordet i den avsluttande paneldiskusjonen. Eit høgdepunkt under markeringa var før-premieren på utdrag av filmen om Ottar Brox, *Kampen om kysten*, regissert av Hans-Eirik Voktor. Etter markeringa bar det rett til Ølhallen, der 90-åringen var midtpunktet for ein hærskare av følgjarar frå nær og fjernt, frå fortid og notid.

I februar 2024 gjekk Ottar Brox bort – 92 år gammal. Ved gravferda i Urani-
enborg kyrkje hadde det møtt fram hundrevis av folk. Ei rekkje kollegaer og vener frå fagmiljøet og det politiske miljøet i Tromsø deltok med talar i minnestunda..

Ottar Brox var ein nøkkelperson i grunnlegginga av utdanninga i samfunnsplanlegging og lokalsamfunnsforskning på tidleg 1970-tal; innsatsen hans er fyldig omtalt i dei første kapitla i denne boka. Det faglege interessefeltet til Brox spente langt utover planlegging. Han markerte seg faktisk frå fyrste stund som ein markant kritikar av offentleg planlegging, som han meinte burde vore erstatta av ein politisk strategi for å «fjerne flaskehalsar» for lokal (og berekraftig) nærings- og samfunnsutvikling. For utdanninga i samfunnsplanlegging og kulturforståing hadde han kanskje størst betydning som systemkritikar og som inspirasjonskjelde. Han insisterte på å definere faglege prosjekt slik at dei kunne føre til politisk handling og til betre samfunnsmessige løysingar – noko han sjølv hadde vist, frå det å skrive boka *Hva skjer i Nord-Norge?* til oppgjeret med den statlege Landsdelsplanen for Nord-Norge i 1972.

Styrking av fiskerifag, statsvitenskap, kvinneforskning og utviklingsstudiar: Hyggelege «biprodukt» frå fagmiljøet i samfunnsplanlegging.

Frå fyrste stund var det ein tendens til å sjå på fagmiljøet i samfunnsplanlegging som ein plattform for å utvikle andre fagtilbod ved Universitetet i

²⁴ Naustdalslid, J. red. (2002).

Tromsø. Som nemnd skjedde det alt frå starten av ei «overflytting» av kompetanse frå planleggarutdanninga til fiskerikandidatstudiet (fyrst Odd Handegård og Abraham Hallenstvedt, seinare Svein Jentoft). Mot slutten av 1970-talet blei studiet i statsvitskap bygd opp ved Universitetet, med kandidatar og stipendiatar frå samfunnsplanlegging i nøkkelroller. Her var særleg Tom Christensen og Helge O. Larsen sentrale. Ved statsvitskapsfaget er det grunn til å framheve Kjell Arne Røvik som tok med seg «arven etter Ottar Brox», med sitt vedvarande samfunnsretta engasjement. Gjennom heile 50-årsperioden har det vore jobba ihuga for å styrke kvinneforskning og likestilling ved UiT, med stor innsats frå Siri Gerrard og Haldis Valestrand. Også fredsstudiet og utviklingsstudier ved UiT har vore styrka ved ressursar frå fagmiljøet i samfunnsplanlegging og kulturforståing, ved Tone Bleie sitt engasjement.

Tilbakeblikk etter 50 år

«Manifestet» frå 1971 med ordlyden «en planleggerutdanning med utgangspunkt i lokalsamfunnets problematikk» hadde vist seg framtidretta og slitesterkt. Evalueringa frå 2017 understreka nettopp at utdanninga hadde følgd opp ambisjonane frå «the founding fathers» ved etableringa av Universitetet i Tromsø. Sjølv om ordet «lokalsamfunnsforskning» har vorte erstatta med «kulturforståing» var ideen om å planlegge ut frå kunnskap om lokale forhold, og i samarbeid med, eller medverknad frå, dei planlegginga gjeld, ein *ethos* som er høgst levande i utdanninga i dag.

Frå ein lovande start på 1970-talet har utdanninga møtt mange utfordringar: Presset for å avvikle tverrfaglege tilbod ved UiT var sterkt og energitappande på 1980-talet, og det var på nippet at den tverrfaglege planleggarutdanninga ikkje blei nedlagd. Så, på 1990-talet viste det seg at det tverrfaglege «prosjektet» var svært attraktivt for hovudfags/masterstudentar. Men sjølv om rekrutteringa til høgre grad har vore god, har det heilt fram til 2016 vore store problem med å trekke til seg studentar til bachelor-programmet.

I heile perioden har det kome opp nyskapande tiltak for å betre utdanninga. Fleire av desse har «hatt si tid», som «Høstseminaret» og «Senter for kommunalforskning», mens nye tiltak har kome til, som det internasjonale masterstudiet «Nordic Urban Planning Studies», alumniorganisering og fagdagen. I fagstaben har det heile tida vore ein fast fokus på å gjere utdanninga relevant utad, og dei tilsette (og studentar) har ikkje vore redd for å delta i politisk debatt med fagleg grunna standpunkt og perspektiv.

Nils Aarsæther og Karoline Jacobsen Kvalvik, med bidrag fra Ragnar E. Nilsen

Eit fokus på planlegging nedanfrå-og-opp krev ei tverrfagleg tilnærming, og denne har vore godt halde ved lag i fagmiljøet. Ei slik planlegging føreset antropologisk/sosiologisk så vel som statsvitskapleg og geografisk kompetanse. På dette området har utviklinga i fagmiljøet bevega seg frå det fleirfaglege til det transfaglege: Grensene mellom dei nemnde samfunnsfaga har i praksis vore nokså porøse, og i ei utdanning for samfunnsplanlegging hadde det vore lite å vinne ved å undervise i desse faga kvar for seg. Samstundes vil disiplinane stadig vekk vere levande, og utdanninga må, som det vart førespeglå i 1972, leve eit spenningsforhold mellom tverrfaglege og disiplinære fagperspektiv.

I siste periode, 2008-2024, har «stedsvendinga», og «planlov-vendinga» spissa utdanninga. Kanskje har det gjort den meir brukbar og «positiv», men mindre systemkritisk? Det kan godt vere slik, men då må vi ta i betraktning at den planideologien som rådde ved studiets oppstart var av ein heilt annan type enn den opne og demokratiske styrte planlegginga vi formelt sett har i dag, 50 år seinare. Samfunnskritisk skal utdanninga fortsatt vere, men kritikken kan i dag ha plansystemet som plattform, når mektige økonomiske interesser og utsleppssamfunnet skal utfordrast.

Litteratur

Altern, I. red. (1996). *Lokalsamfunn og lokalsamfunnsforskning i endring*. Stensilserie A nr 83. Universitetet i Tromsø, Institutt for samfunnsvitenskap.

Amin, A. (2004). *Regions unbound: Towards a New Politics of Place*, i *Geografiska Annaler* 86B:1, 33-44.

Aure, M., Berg, N. G., Cruickshank, J. & Dale, B. red. (2015). *Med sans for sted. Nyere teorier*. Bergen: Fagbokforlaget.

Aure, M., Førde, A. & Magnussen, T. (2016). *Lokalsamfunnet som integreringsarena*, i Villa, M. & Haugen, M. S. (2016). *Lokalsamfunn*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk, s. 410-429.

Bærenholdt, J. O. & Granås, B. red. (2008). *Mobility and Place. Enacting Northern European Peripheries*. Aldershot: Ashgate.

Fukuyama, F. (2014). *Political Order and Political Decay. From the Industrial Revolution to the Globalization of Democracy*. New York: Farrar, Straus & Giroux.

Førde, A., Kramvig, B., Berg, N. G. & Dale, B. red. (2012). *Å finne sted. Metodologiske perspektiver i stedsanalyser*. Trondheim: Akademika forlag.

Gerrard, S. (2016). *Fiskeværret – et åpent og foranderlig lokalsamfunn* i Villa, M. & Haugen, M. S. (2016). *Lokalsamfunn*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk, s. 72-94.

Jentoft, S. (1996). *Samfunnsforskningen og sjarkromantikken*, i Altern, I. red. *Lokalsamfunn og lokalsamfunnsforskning i endring*. Stensilserie A nr 83. Universitetet i Tromsø, Institutt for samfunnsvitenskap, s. 245-32.

Nyseth, T. & Viken, A. red. (2009). *Place Reinvention – Northern Perspectives*. Farnham, Surrey: Ashgate

Piketty, T (2014). *Kapitalen i det 21. århundre*. Oslo: Cappelen Damm.

Ringholm, T. & Hofstad, H. (2018). *Strategisk vending i planleggingen?* i Hanssen, G. S. & Aarsæther, N. (red.) *Plan-og bygningsloven – en lov for vår tid?* Oslo: Universitetsforlaget, s. 107-121.

- Nils Aarsæther og Karoline Jacobsen Kvalvik, med bidrag fra Ragnar E. Nilsen
Universitetet i Tromsø, strategisk utdanningsutvalg (2016). *Gjennomgang av studieporteføljen – del 1 – Bachelor og femårige masterprogram*.
- Valestrand, H. (2016). *Gruvebyen Bjørnevatn: Industrisamfunn, omstilling og lokalsamfunn*, i Villa, M. & Haugen, M. S. *Lokalsamfunn*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk, s. 322-344.
- Villa, M. & Haugen, M. S. (2016). *Lokalsamfunn*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk.
- Aarsæther, N. & Hagen, A. red. (2001). *planlegging.no!* Oslo: Kommuneforlaget.
- Aarsæther, N., Falleth, E., Nyseth, T. & Kristiansen, R. red. (2012). *Utfordringer for norsk planlegging – Kunnskap, Bærekraft, Demokrati*. Kristiansand: Cappelen-Damm Høyskoleforlaget.
- Aarsæther, N. (2016). *Lokalsamfunn – mot alle odds?* i Villa, M. & Haugen, M. S. *Lokalsamfunn*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk, s.134-150.
- Aarsæther, N., Falleth, E., Nyseth, T. & Kristiansen, R. red. (2018). *Plan og samfunn. System, praksis, teori*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk.

